



Arkivnr: 2015/8173-225  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.04.2016

## Val og nyval til Hardangerbrua AS

### Samandrag

Hardangerbrua AS har kome med ein førespurnad om Hordaland fylkeskommune kan føreslå to medlemmer til valnemnda til selskapet. Det skal totalt veljast tre medlemmer og Bergen kommune vert bedt om å føreslå den siste medlemmen. Av tidsomsyn vert saka lagt direkte fram for fylkesutvalet.

Fylkestinget valde 8. desember 2016 tre forslag til personar til styret i Hardangerbrua AS. Dei eksisterande vedtektene seier at Hordaland fylkesting skal ha fire plassar i styret i Hardangerbrua AS. Vedtektene til selskapet vert vurdert på førstkommande generalforsamling basert på eit vedtak frå fylkestinget 10.03.2016, som angår talet på medlemar i styret. Det er der ein føresetnad at fylkeskommunen har fleirtal i styret.

Moglege samansetningar er til dømes:

- Eksisterande vedtekter: 7 medlemmer i styret, 4 plassar til Hordaland fylkeskommune.
- Mogleg samansetning: 5 medlemmer i styret, 3 plassar til Hordaland fylkeskommune.
- Mogleg samansetning basert på vedtak i fylkestinget 10.03.2016: 3 medlemmer i styret, 2 plassar til Hordaland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen rår at fylkesutvalet gjer eit nytt val på forslag til fire medlemmer og varamedlemer slik dei eksisterande vedtektene viser til. Då kan fylkesutvalet sjå på heilheita, både med tanke på samansetning av dei fire føreslagne medlemene og varamedlemene, samt dei moglege styresamansetningane som generalforsamlinga i Hardangerbrua AS kan vedta. Dersom generalforsamlinga i selskapet gjer vedtektsendringar som endrar styresamansetninga vil generalforsamlinga velje medlemmer og varamedlemer frå Hordaland fylkeskommune mellom dei fire forslaga vedteke av fylkesutvalet.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet gjer slike val:

1. Medlemer til valnemnda i Hardangerbrua AS:
  1. ....
  2. ....
2. Forslag til medlemmer i styret i Hardangerbrua AS:
  1. ....
  2. ....
  3. ....
  4. ....

Forslag til leiar for styret i Hardangerbrua AS: .....

Forslag til varamedlemer til styret i Hardangerbrua AS:

1. ....
2. ....
3. ....
4. ....

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 06.04.2016

Hardangerbrua AS har kome med ein førespurnad om Hordaland fylkeskommune kan føreslå to medlemmer til valnemnda til selskapet. Det skal totalt veljast tre medlemmer og Bergen kommune vert bedt om å føreslå den siste medlemmen. Av tidsomsyn vert saka lagt direkte fram for fylkesutvalet.

Fylkestinget valde 8. desember 2016 tre forslag til medlemmar og varamedlemar til styret i Hardangerbrua AS.

### «5. Hardangerbrua AS

#### Medlemer

- |                  |    |
|------------------|----|
| 1. Jonny Håvik   | A  |
| 2. Solfrid Borge | Sp |
| 3. Einar Lutro   | H  |

Leiar: Solfrid Borge

#### Varamedlemer

- |                           |     |
|---------------------------|-----|
| 1. Øyvind Hardeland       | A   |
| 2. Torill Selsvold Nyborg | KrF |
| 3. Stein Inge Ryssdal     | H»  |

Dei eksisterande vedtektene seier at styret i Hardangerbrua AS skal bestå av syv medlemmer og Hordaland fylkesting skal ha fire av desse. Vedtektene til selskapet vert vurdert basert på eit vedtak frå fylkestinget 10.03.2016 som angår talet på medlemmar i styret: «*Frå valperioden 2015-2019 skal styret i Hardangerbrua AS ha 3 medlemmer.*» I vurderinga i saka står det: «*Skulle eit felles bompengeselskap ikkje vera etablert innan ny valperiode tek til hausten 2015, vert det vald eit styre med 3 medlemmer for Hardangerbrua AS.*» Det er der ein føresetnad at fylkeskommunen har fleirtal i styret, basert på at fylkeskommunen eiger majoriteten i selskapet.

På generalforsamling i år i Hardangerbrua AS vert vedtektsendringar teke opp. Ein kan derfor ikkje vete på førehand kva styresamansetning som vert vedteke.

Moglege samansetningar er til dømes:

- Eksisterande vedtekter: 7 medlemmer i styret, 4 plassar til Hordaland fylkeskommune.
- Mogleg samansetning: 5 medlemmer i styret, 3 plassar til Hordaland fylkeskommune.
- Mogleg samansetning basert på vedtak i fylkestinget 10.03.2016: 3 medlemmer i styret, 2 plassar til Hordaland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen rår at fylkesutvalet gjer eit nytt val på forslag til fire medlemmer og varamedlemer slik dei eksisterande vedtektene viser til. Då kan fylkesutvalet sjå på heilheita, både med tanke på samansetning av dei fire føreslagne medlemmene og varamedlemene, samt dei moglege styresamansetningane som generalforsamlinga i Hardangerbrua AS kan vedta. Dersom generalforsamlinga i selskapet gjer vedtektsendringar som endrar styresamansetninga vil generalforsamlinga velje medlemmer og varamedlemer frå Hordaland fylkeskommune mellom dei fire forslaga vedteke av fylkesutvalet.